

Bryllaupshelsing frå USA – 1910

For nokre år sidan fekk eg overlevert eit skikkeleg familiehistorisk verdipapir. Det var ein gulna og sliten papirstrimmel med nokre maskinskrivne vers på, som var forfatta i Amerika til besteforeldra mine i Vik i Syvde, eller Syvdsbotn som det heitte på den tida, til bryllaupsdagen deira 12. juni 1910.

BAKGRUNN

Ved sjøen mot osen på Vik-elva i Syvdsbotn, låg i eldre tid alle husa til dei ulike gardsbruka på Vik-garden i eit klyngetun, med nausta i sjøkanten nedfor tunet. Slik var hovudetunskipnaden fram til utskiftinga av innmarka, som starta i 1870. Tre bruk hadde då alt flytt ut bygningane sine til tre nye gardstun aust-sør-aust for fellestunet. Desse bruka låg oppe på ”hylla” under fjellfoten på Vikehornet, Hauane, som den vart kalla i daglegtale: Det var Øvstegardshauane (bnr. 1), som truleg var det fyrste som flytte ut så tidleg som rundt 1830-35, så Krik-Ola-hauane (bnr. 13), og sist Pål-Jakob-hauane (bnr. 4).

På Øvstegardshauane vart det i 1834 fødd ein gut, som fekk namnet Knut Severin Olsen. På grannebruket Krik-Ola-hauane var det tre år seinare fødd ei jente, Ane Helene Margrethe Olsdatter, og då desse to vaks til, fann dei i hop og gifte seg i 1857.



Ane Helene Olsdatter Vik
f. 1837

Foto: Birthe (Bertha) Barstad

9 born – men berre fem jenter og tre gutar levde opp.

I alt fekk Ane og Knut ni born, men berre åtte av borna – tre gutar og fem jenter – levde opp. Den eldste var Oline Martha – 1858, så kom Ole – 1862 (døde 5 dagar gammal), Ingeborg – 1863, Elise – 1865, så kom Olaf Peder – 1868, Knut Petter – 1873, Johan – 1875, Karen – 1878, og Anna – 1879. Den fyrste guten som levde opp, Olaf Peder, vart ikkje fødd før i 1868, men det var han som etter sed og skikk og den tids arvereglar var odelsgut på dette gardsbruket.

Men Knut og Ane fekk ikkje eldast i lag; Knut vart plaga med helsa, og var ein del sjuk ut på 1870-talet. Ein av borna har seinare skrive at faren deira var mykje plaga med magesår, og på 1880-talet, var nok Knut knapt arbeidsfør.

Eldste dottera deira, Oline Martha f. 1858 vart glad i ein gut frå eit av grannebruka, Ole Andreas Olson på bruksnummer 12 Ånegarden i Vik. Han hadde fleire

eldre brødre og var såleis eit stykke nede i arverekka på det gardsbruket, og det var vanskeleg for dei å finne eit gardsbruk der dei kunne setje bu og livnære seg med ein familie. Våren 1884 vart Oline Marta sin far, Knut Severin, endå dårlegare, og han tok då ei nokså drastisk avgjerd. Det vart avgjort at Øvstegardsbruket skulle delast, og Knut Severin skøyttte då over halvdel av bruket til eldstesonen og odelsguten Olaf Peder, og den andre halvdel til Oline

I Martha. Myndighetsalderen på denne tida var 21 år, så Olaf var då ikkje myndig, og verjen hans vart teken med i drøftinga og avgjerda om å dele bruket, og skøyte vart utskrivne til Olaf og til Oline Martha. Dokumenta viser at Olaf sin del av garden fekk bruksnummer 134aa, og den gifteferdige eldstedottera Oline-Martha sin del fekk bruksnummer 134ab. Far deira, Knut Severin døde denne våren i 1884, berre 50 år gammal, og Ane sat åleine igjen med barneflokk, der yngstejenta var 5 år. Eldste jenta, Oline Martha (f. 1859), gifte seg altså same året som faren døde, med granneguten Ole Andreas Olson frå Ånegarden, bnr. 12 i Vik, og dei busette seg på Øvstegarden, og brukte jorda og bygningane der.

Olaf budde også på Øvstegarden, men i 1886-87 bestemte han seg for å prøve lykken i USA. Saman med eit par andre kjenningar frå Syvde og omegn, reiste han 29. april 1887 med båt frå Bergen, og hamna i Iowa. Vi veit ikkje så mykje om tida han var der, men han gjorde seg kjend og etablerte seg på eit vis i Clear Lake, og i 1890/91 kom han tilbake til Norge og Syvde for å selje sin del av garden i Syvde.



Øvstegards-brørne Johan t.v., Olaf sitjande, og Knut t.h. fotograferte i Clear Lake, Iowa rundt 1895

I løpet av dei næraste åra etter 1884 vart matrikelnummersystemet i heile landet omorganisert, og Øvstegarden, som hadde hatt gardsnummer 65 og bruksnummer 134, fekk då gardsnummer 88, og bruksnummer 1 og 2. Olaf sin del vart bruksnr. 1, og Oline Martha og Ole Andreas sin del vart bruksnr. 2.

Men Olaf hadde gjort seg kjend og etablert seg i Iowa i USA, og kom heim igjen til Norge i 1890/91 og selde sin del av farsgarden, som då var bnr 1, til eldstesystera og mannen hennar. I juni/juli 1891 selde Oline Martha og Ole Andreas deler av bruksnummer 1 og 2 til eit nytt gardsbruk, nr. 19 Bjørkelida, og då vart bruksnr. 1 og 2 slått saman og fekk nytt bruksnummer 1. Av ein eller annan grunn vart skøyte på Bjørkelida ikkje skriven og tingleien før i 1903

I mai 1891 reiste Olaf tilbake til Iowa, og hadde då med seg systrene Elise Berthe (f.1865), Karen Andrine (f.1870), og yngste broren, Johan Anton Benjamin (f.1875).

I 1893 fylgde også broren Knut Petter Andreas (f.1873) etter over Atlanteren. Han reiste då saman med farsystera Cathrine frå Øvstegarden, som då var gift med Bent Brudevoll, som utvandra til USA med heile familien sin.

Åtte år seinare, i 1901, var Johan ein tur heim til Norge og Syvdsbotn, og då han reiste tilbake til USA, fylgde yngste systera, Anna Dina (f. 1879) med han tilbake til Iowa.

Den nest eldste i barneflokk var Ingeborg Lenora (f. 1863). Ho hadde vore mykje sjuk, men gifte seg i 1903 med ein kar frå Hustad, Knut Larsen, og i 1904 reiste også dei til USA, og slo seg ned i Nord-Dakota. Dermed var sju av dei åtte syskena som vaks opp i Syvde busette "over there". Men etter om lag 10 år vende Ingeborg og mannen tilbake til gamlelandet, og busette seg i Ålesund.

Heime i Norge gjekk livet sin vante gang, og Oline Martha og Ole Andreas fekk tre born: Bestefar min Knut Olai Johan (f. 1885), Olga Andrea, (f. 1889 g. 1915 med Knut Paulsson Øyra gbnr. 102/2) og Anna Inga (f. 1896 g. 1922 med Amund Rasmusson Hjelle i Dalsfjorden (sjå side 557 i Bind 1 av busetnadssoga for Volda.). Bildet på denne sida viser frå venstre Ole Andreas, Oline Martha, døtrene deira, Anna og Olga, og gamlemor Ane, som sit heilt til høgre. Bildet er teke framfor det gamle våningshuset på Øvstegardshauane – mest sannsynleg i 1906. Dette huset finst ikkje lenger. Det vart rive då dei bygde nytt og større hus her i 1913.



Våningshuset og familien på Øvstegardshauane ca. 1906

Foto: Storegjerde



Brudeparet Knut og Olivia 1910

Foto: Sponland

Den eldste av borna til Ole Andreas og Oline Martha er ikkje med på bildet ovanfor. Det var min bestefar, Knut, som altså hadde tre morbrør og fire morsystre i USA. Då bestefar Knut fann seg ei jente på grannebruket Nakk-Ola-garden, og gifte seg med Olivia Karoline Iversdotter Flø sommaren 1910, kom gamle-klokkaren i Syvde, Botolv Holsvik, med gåve og helsing frå Amerika til brudeparet. Botolv Holsvik hadde vore læraren til alle dei sju Øvstegards-syskena som no hadde emigrert, og på ein eller annan måte hadde dei teke kontakt med han. Botolv hadde med seg ei gåve til bryllaupsgarden med m.a. eit dikt forfatta av Knut sin onkel, Knut Petter Andreas, på vegner av alle slektningane i Amerika, og det var dette diktet eg no fekk i hende. Denne snart 100 år gamle helsinga var skriven på ein skrivemaskin som mangla æ, ø og å. Det har difor tyske eller svenske teikn med to prikkar over 'a' og 'o' i staden for æ og ø.

*Tilegnet Knut Vik og Olivia Flö:-
I anledning av deres bryllupsdag:--
Fra deres slägtninger i Amerika.*

Ømme minder stilt seg vinger
over havets dybe vand,
fra de fjerne Vestens vidder
hen mod Norges steile strand.

Hvad er det som tanken fængsler,
maner, lokker som den lod
drages hen med stærke längsler
til den plet, hvor vuggen stod?

Hvorfor denne travelheden
med at vaske og gjöre rent,
bage, koge, stege leiven?
Alleting maa se ud pent.

Jo, en vikingsön skal gjästes,
som har kaaret sig en mö,
og for livet nu skal fästes
til hinanden, til de dö.

Gjæster mange sig forsamle,
kommer stille til den gaard;
hilser, hilses, og forhandle
med hverandre livets kaar.

Munterhed og ungdoms latter
höres frit, som det sig bör:-
Guden Amor spiller atter
sine strenge, nu som før.

Hen til kirkens hellig bolig
drager brudefölget med;
der for Gud og mand fortrolig
lægger brudfolk av sin ed.

Gode ord der gjerne tales:
Brudfolk, læg dem vel paa sind;
thi naar livets skygger males
er de havn mod verdens vind.

Lykken har jer hidtil smilet,
skjønt I selv det ei forstaar;
det, at elskes ubesviget,
deri lykken kun bestaar.

Uden skuffelser at prøve
i jers første kjærlighed,
kan jer ingen det beröve
som faldt dybst i hjertet ned.

Verdens gods og gunst at have
er ei heller at forsmåa, --
og naar gjæsten frem sin gave
bär, da tänker vi derpåa.

Derfor modersöskend sender,
ved vor fordums lærer kjær,
vore önsker, i hvis händer
en erindring han frembär.

Brudepar, modtag den gjerne;
thi den er jer vel forundt;
vi ei glämt har i det fjerne,
hjemmets kaar til dels er tungt.

Deres folk i Vesterheimen
kunde skjönne hva det gjaldt,
da I skulde ta op byrden,
som paa eders skuldre faldt.

Fädres ophold paa jer hviler,
ansvar som I selv paaböd.
Uden haan og kolde miner
gjör vor mors livsaften söd.

Medens disse linjer läses,
sidder taus i fjerne land
skriveren, hvis aand den bäres
skyndsomt hen mod kjendte strand.

Saa vor tak til Dig vor lærer,
for Din virkelyst i barm;
thi du gav os det som bærer
livet over verdens larm.

Brudepar, tag vore önsker,
om et langt og lykligt liv.
Blodets baand og slägtens länker
bryd dem ei ved usselt kiv.

K.O.

Et langt og lykkelig liv ...!?

Ynsket for brudeparet var «et langt og lykkelig liv». 11. mai 1928, atten år etter bryllaupet i Syvde, døde Olivia, 40 år gammel, på Kvinneklubben ved Haukeland sjukehus i Bergen. Då hadde ho fødd tvillingar der, og i etterhand fått ein infeksjon og febersjukdom. I vår tid, med dei medisinar og helsestell vi har, ville det truleg ha blitt rekna som ufarleg, men då stod ikkje livet til å redde.

Gravferda i Syvde var 18. mai 1928, og tvillingane vart døypte i Syvde kyrkje same dagen. Knut sat igjen med elleve born. Den eldste var 17 år; dei to minste nyfødde.

Øvstegardssyskena på bildet til høgre, rekna etter fødselsår:

1. Oline – bak til høgre (f. 1911)
2. Ingrid – bak til venstre (f. 1912)
3. Ola (f. 1914)
4. Oddny (f. 1916)
5. Klara (f. 1918)
6. Alvhild (f. 1920)
7. Knut (f. 1921)
8. Ivar (f. 1923)
9. Eldrid (f. 1925)
10. Olivia (f. 1928)
11. Kirsten (f. 1928)



Bestefar Knut og borna sommaren 1928

Fotograf: Ukjend

Bak frå v. Ingrid med tvilling Kirsten, bestefar Knut, og Oline med tvilling Olivia, mellom tvillingane står Ola, og på neste trinn Klara, Oddny og Alvhild, og fremst står Knut, Eldrid og Ivar.

Andre ekteskap - 1931 - og fleire sysken

I 1931 gifte bestefar Knut seg med Anna Hansd. frå gbnr. 89/26 Myklebust i Syvde, og i 1934 fekk dei sonen Harald, og i 1936 vart Elsa fødd. Dermed vart barneflokket på 13. Ni jenter og fire gutar, som her er samla på heimegarden til familiebilde. Fotograf er Sverre Brudevoll frå Brudevollane i Syvde.



På benken sit dei to yngste syskena, Elsa og Harald, med far Knut og mor Anna. Anna vart for alle oss barnebarna alltid vår gode «bestemor på Hauane». I rekka bak dei står dei åtte andre jentene: Oddny, tvillingane Olivia og Kirsten, så den eldste av flokken, Oline, deretter Ingrid, Eldrid, Alvhild og Klara, og bak står Knut, Ola og Ivar.

Kjelder, m.a.:

1. Bygdebok for Syvde sokn. Volda 1974
2. Digitalarkivet: Kyrkjebøkene for Syvde sokn
3. Bind 1 av Busettnadssoge for Volda
4. Digitalarkivet: Protokollane over utvandra via Bergen og Ålesund på slutten av 1800- og byrjinga på 1900-talet
5. Private slektsnotat frå Amerika og Norge

Syvde, november 2025
Jostein Nordvik